

Fra: Tone Hatlem <tone.hatlem@masfjorden.kommune.no>
Sendt: 03.10.2023 09:21:20
Til: Torbjørn Sæle <torbjorn.saele@kyrkjaimasfjorden.no>
Kopi: Liv Brekken <Liv.Brekken@masfjorden.kommune.no>
Emne: SV: Invitasjon til skulegudsteneste før jul

Hei Torbjørn,

Datoen passar fint for oss. Me skal vere førebudd med bidrag frå elevar og bidra til å skape ei fin og minnerik skulegudsteneste her på Matre.

Med helsing

Tone Hatlem

Rektor – Matre skule

Telefon 92 28 32 01 /56 16 61 52

Internett www.masfjorden.kommune.no



Masfjorden kommune

- Ein kommune me er stolt av

Fra: Torbjørn Sæle <torbjorn.saele@kyrkjaimasfjorden.no>
Sendt: tirsdag 3. oktober 2023 09:05
Til: Geir Follesø <geir.folleso@masfjorden.kommune.no>; Renee Kårtveit <Renee.Kartveit@masfjorden.kommune.no>; Tone Hatlem <tone.hatlem@masfjorden.kommune.no>
Kopi: Post Nordbygda skule <Nordbygda.Sk@masfjorden.kommune.no>; Post Sandnes skule <Sandnes.Sk@masfjorden.kommune.no>; Post Matre Skule <Matre.Sk@masfjorden.kommune.no>
Emne: Invitasjon til skulegudsteneste før jul

Hei!

Det er blitt oktober, og det er tid for å tenka fram mot dei tradisjonelle skulegudstenestene igjen. Takk for gode tilbakemeldingar og godt samarbeid i fjor til dei av dykk som var engasjert då! Håpar de også i år finn plass til denne tradisjonen på timeplanen som eit godt tilbod til elevane på ein av årets siste skuledagar før jul.

Frå kyrkja si side ønskjer vi meir enn gjerne god involvering av elevane i song og musikk, lesing av juleevangeliet, lystenning, ev. dramatisering e.l. Både korpsmusikantar, kulturskuleelevar, noverande og tidlegare konfirmantar og mange andre kan vera å setja sitt preg på samlinga på ein positiv måte. Meir om programmet og kva som på førehand kan vera aktuelt å øva på, kjem

vi tilbake til når det nærmar seg. Basert på tidlegare erfaringar har vi frå kyrkja si side følgjande forslag tidspunkt til skulegudstenester, og i første omgang er det fint å få høyra om dette kan vera aktuelt for dykk:

Torsdag 14.12 (t.d. Sandnes kyrkje kl. 9)

Fredag 15.12 (t.d. Frøyset kyrkje kl. 9)

Tysdag 19.12 (t.d. Matre skule kl. 9)

Om dette skulle passa dårleg, kan vi snakkast om andre dagar og tidspunkt. For oss kan det også gå å møta to skular på same dag, dersom ei av gudstenestene kan vera seinare på dagen.

Vi ber om ei tilbakemelding så snart som råd!

Ha ein fin dag!

Torbjørn

Med venleg helsing

Torbjørn Sæle

sokneprest

Kyrkja i Masfjorden

+47 95 14 16 85



DEN NORSKE KYRKJA

Meir himmel på jorda | www.masfjorden.kyrkja.no